

# HYRDINGEN




NR. 3

Juni 2018

ÅRGANG 60

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



**Eldsjeler i søndagsskulen.**  
**Frå venstre: Astrid Selvåg Velde,**  
**Grete Halvorsen og Synnøve Stødle**  
**(Sjå side 3 og 12)**

Presten har ordet	2	Påskegudsteneste på Fjellstøl	5	Frå kyrkjeboka	9
Redaksjonspennen	3	Di trushistorie	5	Gudstenester	10
Søndagsskulekrinsen 90 år	3	Konfirmantbilete	6	Møte og arrangement	11
Utsmykking av Bjoa kyrkje på 50-talet	3	Olsokvandring i Vats	8	Påskevandring på Kårhus	12
Misjonshistorie i Vikedal	4	Me set pris på deg	8	bedehus	
		Støtteannonser	9	Sommarenens storsamling i Ølen	12



#### **HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland

Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937

Adr. Skjold kyrkje

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Etter avtale

##### **Soknepresten i Skjold**

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Tlf. 53 65 57 94 / Mobil: 932 45 645

jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,

Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal

Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

##### **Kateket Britt Karstensen**

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

##### **Organistar:**

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

##### **Haugaland prosti:**

P.b. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal

Mobil 918 34 019

Prostiprest Sigfred Sørensen:

Mobil: 488 90 359

##### **Kyrkjeverja i Vindafjord:**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka

Tlf. 53 65 57 96

##### **Soknerådsleiarar:**

Skjold og Vikebygd:

Brit Nelly Ness Tveit

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

## Presten har ordet

Av sokneprest Kari Vik Stuhaug



# Datakurs og gudstenesteliv

Då eg gjekk på datakurs for mange år sidan opna det seg ei ny verd for meg. Ja, eg forstod at dette var noko eg kunne gå inn i, utforska og ta i bruk. Det var fascinerande. I dag skjønar eg at eg stadig kjenner berre ein liten flik av det dataverda kan tilby. Mange gonger veit eg nok til å løyse dei oppgåvane eg treng. Og står eg fast kan eg spørje nokon.

Då eg studerte teologi for endå lengre sidan forstod eg at gudstenesta også var ei slik eiga verd. Dess meir eg lærte om kvifor den er bygd opp slik den er, dess meir såg eg kva rikdomar som låg der. Det blei ein slags eigen dynamikk når eg kunne meir. Når eg støytte på enkelte hendingar eller uttrykk eller språk som eg ikkje forstod, hadde eg etter kvart evne til å tolke dei i lys av den store samanhengen, det store biletet.

Etter mange år med jobb i helsevesenet får eg som prest igjen høve til å trenge inn i den rike samanhengen som gudstenestelivet gir. Jo, der er mange liturgiske ord og uttrykk eg må finne ut av. Det er større variasjon enn før. Det gir høve til å tilpasse utforminga til dei eg ventar er i kyrkja på den aktuelle dagen. Barn og unge for eksempel. I alle gudstenester har me

på ein eller annan måte med songen som englane song julenatt: Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda, blant menneske som Gud har glede i. I vinter har me lært å synge den og samtidig klappe i hendene. Det likar borna. I dei fleste gudstenester syng me dei merkelege orda Kyrie eleison. Ikke alle veit at dette var ord som Bartimeus, den blinde mannen som høyrde Jesus gå forbi, ropa frå vegkanten. «Sjef, ver god med meg!». Gjennom 2000 år har kristne over heile verda gjentatt dei same orda. Lovsong og bønn om miskunn.

Å tru på Gud er å oppdage kven han er, han som er større enn alt og alle. Gjennom året har kvar einaste søndag sitt særpreg. Gjennom bibeltekstane me les høgt for kvarandre blir særskilde sider ved Gud og ved Jesus løfta fram og peika på. Salmane me syng skal på ein eller annan måte stå i samanheng med det. Slik formar det seg gjennom året ein mosaiikk med mange ulike bilete. Dess fleire brikker me blir kjende med dess heilare blir biletet for oss.

Men det er litt sånn som med dataen. Den eine opplevelsa med gudstenesta må også gi mening for folk om den står åleine.



**Avslutning i laget.** Ein fin aprilkveld hadde "GNEISTEN", Ølen kristelege skulelag, avslutning på Kolbeinshaug i Ølensvåg. Denne kvelden vart tida brukt til grilling, leik og andakt. Gjennom året har lagskveldane annankvar måndag hatt tekstar i Lukasevangeliet som tema. Takk for eit fint lagsår!

Liv Ingunn Heie Medhaug, vaksenleiar.

# Redaksjons-PENNEN



Redaksjonspennen  
av Steinar Skartland

Det er mange som gjer eit flott arbeid gjennom kyrkjer, bedehus, lag og foreiningar i Vindafjord. Takk for tenesta du utfører!

Så er det sommar, med litt andre tilbod: Leirar på Brandøy og Stemnestaden; Storsamling i Ølen; Stemnedag på Vikestølen; Misjonsstemne på Brandøy i august; fleire Basarar der flittige hender har strikka og laga flotte ting. Jo, her er mange spennande ting som skjer også i sommarmånadane.

Og kyrkja i Vindafjord tilbyr gudssteneste kvar helg. På side 10 kan du sjekka kva for ei kyrkje det er i. Vi kan ha godt av å ta ein tur til ei av kyrkjene i nabobydene på søndagar også. Du er like velkommen her, som i "di eiga kyrkje". Vi treng å koma saman, litt tettare. Som når ein rakar saman dei svarte kola i peisen eller leirbålet. Får dei inn i varmen. Då gløder dei igjen og byrjar å avgje varme.

Om sommaren er gudsstenestene til ulike klokkeslett og stader, så sjekk i Hyrdingen, -eller på internett der kyrkjene i Vindafjord legg ut oppdatert program og informasjon, på:

[vindafjord.kyrkje.no](http://vindafjord.kyrkje.no)

Det hender dei som står i bresjen for barne- og ungdomsarbeidet trøyna. Treng støtte og kanskje avløysing. Kan du tenkja deg å hjelpe til i søndagskulen eller anna barne- og ungdomsarbeid. Ta kontakt med kateketen eller dei som er aktive i arbeidet og spør: Treng du hjelp?

Vi ynskjer deg god sommar.



Gripekrossar - laga i Vats (sjå s. 8)

# Søndagsskulekrinsen 90 år

Av Elisabeth Fauskanger  
*Søndagsskolekonsulent i krinsen*



**SØNDAGSSKULEN**  
Karmsund/Sunnhordland krins

år og har solid økonomi. Rekneskapen blei vedteken saman med budsjett for 2018.

I krinsstyret set nå: Leiari Marianne Eikemo Knutsen (Karmøy); styremedlemer: Sissel Engedal Ek (Haugesund), Øyvind Halvorsen, Geir Fridtjof Foldøy, Johanne Lomheim, Miriam Kristoffersen og Vibekke Bakkevig (Karmøy), Jorunn Baustad (Tysvær), Britt Marie Westman (Røvær) og Liv Siri Andresen (Stord).

Etter årsmøtet var det inspirasjonsforedrag med søndagsskulen sin generalsekretær Gøran Byberg. I det kristne barnearbeidet har me ein unik sjanse til å gi borna ein moglegheit til å få ei retning i livet og til å knytte seg til ei historie som er større enn dei sjølv.

8.mars 2018 var søndagsskuleleiarar samla til Årsmøte på Stemnestaden i Tysvær. Med på årsmøtet var og Søndagsskolen Norge sin generalsekretær Gøran Byberg. Søndagsskulekrinsen har to personar tilsett i til saman 120% stilling. Krinsen si oppgåve er å styrke dei lokale søndagsskulane med kurs og samlingar og deltaking i dei enkelte søndagsskulane. I tillegg vert det drive bl.a. leirarbeid og produksjon av radiosøndagssule.

Driftsrekneskapen for 2017 viste underskot, men krinsen har opparbeida god likviditet gjennom mange

## Utsmykking av Bjoa kyrkje på 50-talet

Av Liv Hanssen, Bjoa

**Då det stod i Hyrdingen om alterduken på Bjoa, kom eg på at det er meir kyrkjelyden ikkje veit frå den tida, men som fortener å bli hugsa!**

Den tid, på 1950-talet, var det ei gruppe damer her som tok opptakten til å smykka ut kyrkja. Dei danna ei foreining, Bjoa kyrkjeforeining, som arbeidde for dette føremålet. Dei heldt basarar og for pengane kjøpte dei den store lysekrona, teppet inni alterringen og brudestolane.

Dei var det og som hekla alterduken: Brit Johannessen, Elbjørg Johannessen, Johanna Samsonsen, Olga Johannessen og Sigrid Svalland. Aasta Hjellestad, som har gjeve meg opplysingane om dette, var også litt med.

Slike positive ting kan me godt dela med andre, men det er sånt me ikkje veit. All ære til damene for dette føretaket!





100 ville høyra om barneheim for jødiske barn i Vikedal

# Misjonshistorie i Vikedal

Av Øivind Jønsson

**Det har vore ukjent for folk flest at det var barneheim for jødiske barn i Vikedal. 8.mars arrangerte soknerådet i Vikedal og Israelsmisjonen møte om dette emnet. Hartvig Waage var møteleiar, og Paul Odland frå Israelsmisjonen hadde eit engasjerande og interessant foredrag. Omkring 100 frå heile nordre del av kretsen hadde funne vegen til bedehuset i Vikedal denne kvelden.**

Ingeborg Nygaard, fødd 1875 i Vikedal, engasjerte seg i Israelsmisjonen og arbeidde i heimetenesta der. Ho reiste også til USA i 1909 og var der nokre år. På denne tida emigrerte

mange jødar til USA pga. pogromar i Aust Europa. Heime i Vikedal starta ho ein privat barneheim for jødiske barn i 1915. Dei to første barna, på 7 og 10 år, kom frå ei jødisk enke i Oslo. Barneheimen heldt til på Urabø, garden Ingeborg kom frå. Seinare flytta den ned til eit nybygd hus nær utløpet til Vikedalselva.

Barna trivst, og drifta gjekk godt. Den økonomiske støtta kom frå Israelsmisjonen, nokre kommunar og ein del privatpersonar. Men Ingeborg Nygaard ville drive heilt privat utan tilsyn frå kommunen eller Israelsmisjonen. Dette førte til at Israelsmisjonen trekte seg ut, og barneheimen blei avvikla i 1926.

Ingeborg Nygaard budde under krigen på gamleheimen i Vikedal.

Gestapo ville snakke med henne for å finne ut om ho visste kor jødebarna var blitt av. Men då dei kom, hadde Ingeborg rømt, og kom ikkje til rette igjen før tyskarane var reiste. Ho døydde i 1951.

Det blir forska vidare i denne historia. Ola Vikedal viste gamle biletar og fortalte om arbeidet med å finne etterkommarar etter jødebarna. Fleire frammette kunne også bidra med faktaopplysningar.

Musikk av aktørar frå fleire kulturar, under leiing av Monica Haugan, sette spiss på møtet.

Soknerådet i Vikedal gjorde eit stort arbeid med alt det praktiske. Alle fekk rikeleg med kaffi og bakverk, sjølv om det kom over dobbelt så mange som dei hadde rekna med!



Musikk av aktørar frå fleire kulturar

# Påskegudsteneste på Fjellstøl

Av Steinar Skartland

**Det har vore ein tradisjon i nokre år med gudsteneste Palmesøndag i den gamle varmestova på Fjellstøl. Også denne påska hadde sokneråda i Vikedal og Sandeid, i samarbeid med soknepresten, invitert inn til fellesskap og forkynning ute i skianlegget.**

Om lag 50 personar hadde teke vegen. Dei trengde seg saman inne

i det vesle rommet for å få med seg gudstenesta og talen som Harald Eintveit hadde gjeve overskrifta: «Viktigare enn nyttig» utifrå evangelieteksten i Matt. 26, 6-13: «Denne salven kunne vore seld for mange pengar som kunne gjevast til dei fattige».

Salmesongen vart ekstra intens når mange vaksne stemde i der dei sat skulder til skulder inne i varmestova. Då presten var ferdig med sin del, kom det kaker og kaffi på borda,

noko som bidrog til at praten kom godt i gong. Truleg for siste gong i dette bygget. Etter påske skulle straumen koplast frå og planen er å riva brakkene som nå har fått avløsing av eit stort, nytt bygg. Ein del av eit interkommunalt fellesprosjekt. Kanskje kan prest og sokneråd finna plass til Påskegudsteneste i dette bygget i framtida? Bygget var ope og mange nyttja høvet til å ta det meir i augnesyn før dei reiste heimover, eller tok ein tur på ski.



Frå Kyrkjekaffi på Fjellstøl. Sokneprest Harald Eintveit i samtale med Olav Granberg.

## Di trushistorie - del 3

Av Hanne H. Brekke

Ei trushistorie er ei historie som fortel noko om forholdet mellom deg og Gud. Historia kan vere kort og frå nyare tid, eller den kan vere lang og gå heilt tilbake frå tida som barn. Alle har ei historie.

Hyrdingen vil som nemnd tidlegare ha fokus på spørsmål knytt til trushistorie ei tid framover. Under overskrifta «Di trushistorie» vil vi koma med spørsmål som kan nyttast til eigen refleksjon rundt dette temaet, eller som utgangspunkt for samtale i smågrupper. Vi er nå komne til del 3.

### Når vi vert skuffa av Gud

Har du ei eller fleire hendingar i ditt eige liv som har forstyrra eller utfordra trua di?

Korleis har denne eller desse hendingane verka inn på den vidare trusutviklinga di på godt og vondt?



### Konfirmantane til Indremisjons-samskipnaden 2018

Framme frå venstre: Janne Byrkja Hystad, Hannah Kjellevold Steinsland, Ida Byrkja Dagsland, Gina Kristine Gjøvåg. Bak frå venstre: Mathilde Saghaug, Anissa Olsson, Ivar Teistedal Dyrøy, Maria Remine Theisen Kristensen, Ole André Stokken, Bjarne Westermoen, Benjamin Espvik.

## Ølen

Fotograf Nordtveit



Konfirmantar i Ølen laurdag 28., og søndag 29. april 2018. Bak frå venstre: Jarle Sørendenå Nygård, Hans Christian Osaland, Lars Fredrik Osaland, Geirmund Lønning Haaland, Benjamin Hole, Kristian Berge, Fredrik Berge, Casper Kvamen Clausen, Jonas Heddeland, Markus Andreassen Berge, Joakim Berge, Thomas Tvedt Haarde, Kent Nidoy Brekke, Alexander Kvamme Arefjord, Martin Krokstad Kristiansen. I midten frå venstre: Kari Vik Stuhaug (prest), Benjamin Klungland Dahlberg, Ida Pettersen, Synne Sørås Genberg (frå Bjoa), Tiril Ivesdal, Julie Vik, Ragnhild Steiner Frønsdal, Mathias Carlsen Augestad, Pia Helen Rullestad, Dina Arnestad, Sanna Nerheim, Sara Agnethe Eikesdal, Mari Gravelsæter Berge, Elise Hundhammer, Andreas Roa, Britt Karstensen (kateket). Framme frå venstre: Adelina Bustihan, Hanna Landro, Emma Andreassen Berge, Maria Berge, Kristine Helgesen, Aurora Aarekol, Hanne Gangdal, Synne Økland, Ronja Grødem Lode, Emma Bjelland Ingebrigtsen, Liva Hundhammer.

## Vats

Fotograf Nordtveit



Framme frå v.: Nora Aksland, Madele Vannes, Louise Hognaland, Sofie Eike, Jon Ådnøy. Bak frå v.: Vebjørn Skålnes Blikra, Emil Tveit Halsnes, Kristian Nordhus Døvik, Sigurd Ihle, Bård Kristoffer Velde, Marius Haraldseid, Jan Erik Vaula, Matias Langeland.

## Vikedal

Fotograf Nordtveit



Konfirmasjon i Vikedal kyrkje sundag 13.mai 2018. Framme frå venstre: Karine Johannessen Aarekol, Lena Guldhav og Ingrid Skogen. Sokneprest Harald Eintveit. Bak frå venstre: Eivind Grimås, Matias Staknes, Håkon Staknes Bakkedal, Lars Westerheim Søyland og Karsten Langhelle.

## Skjold

Fotograf Nordtveit



Framme frå venstre: Victoria Langeland Lint, Kristine Johnsen Eide, Henny Wannberg, Ingebjørg Haraldseid, Emma Bauge, Mathea Tveit, Eline Namdal Tokheim, Jon Ådnøy. Bak frå v.: Nicolai Skjold, Marius Rossebø Amundsen, Simon Håvardsholm, Truls Skjold, Alexander Nesheim Hustoft, Sondre Skjold Kvigne, Emil Haugen, Jørgen Litlabø Amundsen, Vebjørn Hustoft, Erik Hjelm Fjeldheim, Jon Kristian Kalstveit.

## Imsland

Fotograf Nordtveit



Konfirmasjon i Imsland kyrkje sundag 29. april 2018. Frå venstre: Hanna Marvik Johansen, Linnea Hansen, Anja Innvær Staurland og Hanna Elisabeth Staurland. Bak: Sokneprest Harald Eintveit.

## Vikebygd



Framme frå v.: Cassandra Erdal Hoel, Eline Fostenes, Stina Tjoflot Nes, Martine Rugtveit Bjørnevik, Elén Tjoflot Nes, Vilde Isabel Langhelle. Bak frå v.: Ole Johan Espeland, Fredrik Sundve, Jon Ådnøy. Ikke på bildet: Martine Larsen.

## KONFIRMANTAR 2018

## Sandeid



Konfirmasjon i Sandeid kyrkje sundag 6.mai 2018. Framme frå venstre: Sokneprest Harald Eintveit, Hanne Bjelland, Marie Rødne, Susanne Vormestrond Kro og Natalie Apeland Skarpeid. Bak frå venstre: Andreas Hårde, Benjamin Smelvær Thunes og Ola Vestbø.

## Bjoa



Bjoa kyrkje 6. mai: Frå venstre: Kari Vik Stuhaug (prest), Sondre Bergsvik Knudsen, Andreas Lunde, Milde Eikehaugen Knutsen (konfirmert i Ølen 28/4), Synne Sørås Genberg (konfirmert i Ølen 29/4), Sindre Skålnes Sandsgård, Kristoffer Knutsen, Tor Vee Sandsgård. Britt Karsensen (kateket)

Fotograf Nordtveit

Fotograf Nordtveit

Fotograf Svein Egil Økland

# Olsok-vandring i Vats

Søndag 29. juli vert det olsok-/pilegrimsvandring i Vats. Etter den gode oppslutnaden og dei positive tilbakemeldingane i fjar, vil det bli vandring i år, også. Det vil bli to ruter, som i fjar.

Den «lange» ruta startar på Frøland i Tørsdal. Den startar på 147 moh. Me følgjer ein traktorveg, og ein god og tørr sti. Høgast punkt er 280 moh, før me følgjer vegen ned mot Vindafjordtunet. Vandringa er på 4,2 km fram til kyrkja. I fjar varte vandringa om lag halvannan time i roleg gange, inkl. mange pausar. Møt opp ved kyrkja kl. 16.30, og så vert det kameratkøyring opp til Frøland.

Den «korte» ruta er for dei som ikkje taklar terrenget på den andre vandringa. Den startar ved kyrkja og går på veg rundt Eide. Oppmøte ved kyrkja kl. 16.50.

Innhaldet i programmet vert likt på begge rutene.

Me møtest alle i kyrkja kl. 19.00. Der vert det ei kort gudstenesta med høve til ettertanke og refleksjon. Me får også dela nattverd i saman. Gudstenesta er open for alle, også om ein ikkje har vore med på vandringa.



Etter gudstenesta vert det kyrkje-kaffi og noko å bita i.

I samband med denne vandringa, har det blitt laga gripekross (sjå biletet side 3). Det er små krossar ein kan bera med seg inni handa. Dei er laga

av to karar her i Vats og kostar 100 kr stykket (Kontant/Vipps). Inntekta går uavkorta til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand.

For Vats sokneråd; Olav Velde, Haldor Skare og Steinar Sørhus.

## Me set pris på deg!

Av Britt Karstensen, Kateket

**Det er mange i Vindafjord som gjer ein formidabel innsats for born og unge i ulike lag og foreiningar.** Dugnadsand, idealisme, maratonkondis og, ikkje minst, store hjarterom kjenneteiknar dei som brukar tid og krefter på å vidareformidla den gode bodskapen om Frelsaren vår, Jesus Kristus.

Det er ulike måtar å gjera dette på, og det er masse me kan læra av kvarandre. I fjar arrangerte FUT (Felles Utval for Trusopplæring) ein inspirasjonskveld for ulike råds- og utvalsmedlemmer der me m.a. fekk høyra frå Speidaren i Vikebygd, Gutalaget i Ølensvåg og Klubben i Vikedal. Me blei både imponerte, inspirerte, stolte og oppløfta av det dei formidla. Tilbakemeldingane var at dette må me gjera om igjen + fleire må få koma - så då blir det slik!



### Inspirasjonssamlinga i år blir torsdag 6/9 kl. 19 på Kyrkjetunet i Ølen.

Me håpar på å få samla leiatarar frå alle lag og organisasjonar som driv kristent arbeid blant born og unge i Vindafjord, uansett kva kyrkjesamfunn ein høyrer til, me er alle sysken i det store og det heile. Om det er nokon som tenkjer på å starta opp med nye ting er dette eit godt høve til å knyta kontaktar og få gode idear til kva som funkar bra og ikkje. Sokneråd og lokale trusopplæringsutval kjem også. Set av datoен allereie no. Saman skal me løfta kvarandre opp!

Me vil også dela ut ein nyopprettet trusopplæringspris på desse årlege samlingane til nokon som fortener ein honnør for det frivillige arbeidet dei gjer/har gjort (og det er mange!).

### Kven skal få Vindafjord sin trusopplæringspris i 2018?

Det kan du få vera med på å bestemma! Alle som vil kan nominera kandidatar. Send namn på kandidaten og sei litt om kvifor denne personen bør få ein pris til britt.karstensen@vindafjord.kommune.no innan 1.juli.

Meir info om program og påmelding (mat) til inspirasjonssamlinga blir etter kvart lagt ut på heimesida vår www.vindafjord.kyrkjer.no og Facebook «Trusopplæring Vindafjord».

God sommar og vel fortent ferie etter «arbeidsåret» 17-18!

Paulus seier det slik i brevet sitt til Romarane, kap 1:

«Først av alt takkar eg min Gud ved Jesus Kristus for dykk alle» «Saman skal vi få nytt mot ved den trua vi deler»

# STØTTEANNONSER

*Velkommen til  
Lundeneset*

**Hjemmefra, men ikke alene**


Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

**LES MER PÅ LVS.NO**

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS

**GRAVSTEIN**



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

**Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90**  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

**Knaphus**   
B i l

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knaphus**   
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**SpareBank**   
SR-BANK

**joker**

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

**BLOMAR TIL GRAVFERD**

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

 **Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)  

**SELL AV GRAVPLASSER**

Kontakt Avdeling Vepro  
Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60

  
Arbeid og Inkludering

 **Ølen Betong**

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)

## FRÅ KYRKJEBOKA

	Døde	Døypte	Vigde
<b>Bjoa</b>	08.03.18 Helge Toadalen f. 1936		
<b>Imsland</b>	28.02.18 Sverre Johannes Staurland f. 1929 01.03.18 Bjørg Petra Aksland f. 1937 02.03.18 Reidar Dahl f. 1945	11.03.18 Leander Helland Leifsen	
<b>Ølen</b>	05.04.2018 Ole Kjell Lothe f. 1940 29.04.2018 Rigmor Opheim f. 1930	29.04.18 Emrik Moe Brendsdal 20.05.18 Emilie Heggen 20.05.18 Daniel Knutsen Bergsvåg	
<b>Skjold</b>	27.02.18 Anna Sofie Kvamme f. 1926 01.03.18 Gunnar Bergesen f. 1945 20.03.18 Ragna Berit Kirketeig f. 1950 11.04.18 Laura Gurine Wannberg f. 1933	18.03.18 Oliver Sæbø Haraldseid 29.04.18 Mildri Vaksvik	
<b>Sandeid</b>		15.04.18 Trygve Dahle Granberg	
<b>Vats</b>	15.03.18 Astrid Nordtveit f. 1932 23.03.18 Laila Karin Håheim Grindheim f. 1953 02.04.18 Karin Hedvig Landa f. 1939	25.03.18 Daniel Gundersen 08.04.18 Tobias Bådsvik 20.05.18 Sonja Sætre	19.05.18 Randi Gjellestad og Øystein Matre
<b>Vikedal</b>	11.03.18 Bjørn Grimaas f. 1934		
<b>Vikebygd</b>	05.03.18 Bertel Skogen f. 1921 04.04.18 Toralv Erdal f. 1942 19.04.18 Jarle Årvik f. 1966	29.04.18 Hellen Espedal 29.04.18 Damien Espedal 29.04.18 Fredrik Sundve 13.05.18 Ivo Pires Bjørgen	

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kyrkje	Tid	Tittel	Info	Preiketekst
10.06.2018	Ølen Idrettshall	10.30	Gudsteneste	Felles gudsteneste med Indremisjonssamskipnaden sitt Årsmøte i Ølen; Nattverd; Takkoffer: Indremisjonssamskipnaden	Joh 1,35-51
10.06.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse	Nattverd; Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Joh 1,35-51
10.06.2018	Refsnes, Vats	11.00	Familiegudsteneste	Dåp; Takkoffer: Global	Joh 1,35-51
17.06.2018	Bjoa kyrkje	11.00	Familiegudsteneste	Dåp, Nattverd; Takkoffer: Acta. Normisjons barne- og ungdomsarbeid	Matt 16,24-27
17.06.2018	Skjold kyrkje	11.00	Gudstjeneste	Dåp, Nattverd; Takkoffer: Misjonsprosjektet	Matt 16,24-27
17.06.2018	Imsland kyrkje	11.00	Høgmesse	Nattverd; Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 16,24-27
17.06.2018	Vikebygd kyrkje	17.00	Høgmesse	Dåp, Nattverd; Takkoffer: Sjømannskirkja	Matt 16,24-27
24.06.2018	Vats kyrkje	10.00	Høgmesse	Dåp, Nattverd; Takkoffer:	Matt 11,7-14
24.06.2018	Vikedal kyrkje	12.00	Høgmesse	Nattverd; Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Matt 11,7-14
01.07.2018	Ølen kyrkje	10.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd; Takkoffer: Misjonshøgskulen VID	Matt 16,13-20
01.07.2018	Sandeid kyrkje	12.00	Høgmesse	Nattverd; Takkoffer: Menighetsfakultetet	Matt 16,13-20
08.07.2018	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste	Takkoffer	Luk 19,1-10
15.07.2018	Vats kyrkje	10.00	Gudsteneste	Takkoffer	Mark 12,37b-44
15.07.2018	Vikedal Musèum	12.00	Gudsteneste	Rootsgudsteneste. Vokalt/musikalisk innslag. Kyrkjekaffi.; Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Mark 12,37b-44
22.07.2018	Ølen kyrkje	10.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd; Takkoffer: Bibelskapet	Joh 8,2-11
22.07.2018	Imsland kyrkje	12.00	Høgmesse	Dåp, Nattverd; Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Joh 8,2-11
29.07.2018	Vikebygd kyrkje	10.00	Gudsteneste	Takkoffer	Luk 9,23-26
29.07.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse	Nattverd; Takkoffer	Luk 9,23-26
29.07.2018	Bjoa kyrkje	12.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd; Takkoffer: Bildøy bibelskule	Luk 9,23-26
29.07.2018	Vats kyrkje	19.00	Gudstjeneste	Nattverd; Takkoffer	Luk 9,23-26
05.08.2018	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste	Takkoffer	Mark 2,23-28
12.08.2018	Ølen kyrkje	10.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd; Takkoffer: NLA høgskolen	Luk 8,1-3
12.08.2018	Vikedal kyrkje	12.00	Høgmesse	Nattverd; Takkoffer	Luk 8,1-3
19.08.2018	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste	Takkoffer	Luk 12,41-48
19.08.2018	Imsland kyrkje	11.00	Høgmesse	Konfirmantpresentasjon.; Nattverd; Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Luk 12,41-48
19.08.2018	Ølen kyrkje	17.00	Gudsteneste	Misjonssøndag. Kyrkjekaffi; Besøk frå Misjonsalliansen. Nattverd; Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 12,41-48
26.08.2018	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste	Konfirmantpresentasjon; Takkoffer	Luk 17,7-10
26.08.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse	Konfirmantpresentasjon; Nattverd; Takkoffer	Luk 17,7-10
26.08.2018	Vikebygd kyrkje	17.00	Hovedgudstjeneste med dåp	Konfirmantpresentasjon; Dåp; Takkoffer	Luk 17,7-10
02.09.2018	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Konfirmantpresentasjon; Dåp; Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 10,38-42
02.09.2018	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste	Konfirmantpresentasjon; Takkoffer	Luk 10,38-42
02.09.2018	Bjoa kyrkje	16.00	Gudsteneste	Konfirmantpresentasjon, Hausttakkefest; Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 10,38-42
02.09.2018	Vikedal kyrkje	16.00	Høgmesse	Konfirmantpresentasjon; Nattverd; Takkoffer	Luk 10,38-42

*Kalender med oppdatert gudstenste-oversikt på internett: vindafjord.kyrkjer.no*

**“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)**

# MØTE OG ARRANGEMENT

## Kyrkjelinet i Ølen

- 7.6. torsdag 17:30 Internasjonal samling  
13.6. onsdag 19:30 Bønnemøte  
14.6. torsdag 17:30 Internasjonal samling  
15.6. fredag 19:30 Fellesskap på tvers  
15.6. fredag 19:30 Credo - ungdomskveld  
20.6. onsdag 19:30 Bønnemøte  
21.6. torsdag 17:30 Internasjonal samling  
15.8. onsdag 19:30 Bønnemøte  
17.8. fredag 19:30 Credo - ungdomskveld  
22.8. onsdag 19:30 Bønnemøte  
23.8. torsdag 17:30 Internasjonal samling  
24.8. fredag 19:30 Fellesskap på tvers  
29.8. onsdag 19:30 Bønnemøte  
30.8. torsdag 17:30 Internasjonal samling  
31.8. fredag 17:00 Barnekor  
31.8. fredag 18:00 Klubben 4.-7. klasse  
5.9. onsdag 19:30 Bønnemøte  
7.9. fredag 19:30 Credo - ungdomskveld  
8.9. lørdag 18:00 Samlingsfest - semesterstart  
9.9. søndag 16:00 Show It  
Sjå møtedatoar på: kyrkjelinet.no

## Innbjoa bedehus

Bønnemøte kvar onsdag kl. 10:00

## Bedehusa i Skjold

23.6. tysdag Austrheim: St. Hansfeiring

## Bedehusa i Vats

22.8. onsdag 19:30 NMS Øvre Vats  
29.8. onsdag 19:30 Gideon Blikrabygda

## Vikebygd bedehus

14.6. torsdag 19:30 GladSong Endre Stople og Einar Askeland  
17.8. fredag 18:00 Basar Sjømannsmisj./Norsk kirke i utlandet  
30.8. torsdag 19:30 GladSong Lina Fisk Eide m.fl  
13.9. torsdag 19:30 Bibeltyme IMS v/Jens Tveit

## Vågen bedehus

3.6. søndag 11:00 Familiemøte, NLM Talar: Ivan Underhaug  
6.6. onsdag 19:30 Bønnemøte  
9.6. lørdag 20:00 Loftet  
13.6. onsdag 19:30 Bønnemøte  
17.6. søndag 19:30 Søndagsmøte Talar: Marit Hårkau  
Ådnanes. Kollekt til IMS.  
20.6. onsdag 19:30 Bønnemøte  
24.6. søndag 11:00 Familiemøte Talar: Kari Nordhus. Kollekt til NLM.  
19.8. søndag 19:30 Søndagsmøte  
22.8. onsdag 19:30 Bønnemøte  
26.8. søndag 11:00 Søndagsmøte  
29.8. onsdag 19:30 Bønnemøte  
31.8. fredag 19:30 Møte Åpningshelg. Talar: Øystein Persson  
1.9. lørdag 11:00 Bibeltyme Åpningshelg.  
Talar: Øystein Persson  
1.9. lørdag 18:00 Generasjonssamling Åpningshelg.  
Talar: Øystein Persson  
2.9. søndag 11:00 Søndagsskule  
2.9. søndag 15:00 Søndagsmøte Åpningshelg.  
Talar: Øystein Persson  
5.9. onsdag 19:30 Bønnemøte  
9.9. søndag 19:30 Søndagsmøte, Israelsmisjonen  
Talar: Bjørn Lorentzen  
12.9. onsdag 19:30 Bønnemøte  
Sjå møtedatoar på: vaagenbedehus.no

## Leirar på Stemnestaden, Normisjon

15.-17. juni Minileir. 4-7 år i følge med voksen  
22.-24. juni Aktivitetsleir. 5.-7.kl. Her får du prøva ulike aktivitetar. 25.-27. juni Amigosleir 3. 1.-4.kl. Måndag morgen til onsdag ettermiddag. Påmelding til desse barneleirane skjer på nettsida: checkin.no (søk på leirnamnet) eller via: acta.as/rogaland. 28.juni-1.juli: Sommarleir for vaksne med funksjonshemming Info og påmelding: tlf.: 938 33 150 eller 404 70 529

## Brandøy Misjons- og konferansesenter

- Sommer-minileir 2.-4. klasse 25.-27. juni 2018
- Sommerleir 5.-7. klasse 28. juni-1. juli 2018
- Familieleir 4.-8. juli 2018
- Active Ten 8. klasse ++, 9.-12. august 2018

## Misjonsstemne for NMS på Brandøy

ons. 29. aug. kl. 18:00. Andakt v/ Roar Vik, song v/ Annbjørg Våge og Heidi Nicolaysen, misjonsinformasjon v/ Anne Marie Reimers. Matøkt. Misjonsoffer. Alle er hjartelig velkomne!

## Vikestølsmøtet

24. juni blir det stemne på Vikestølen. Årlege møter som tok til i år 1900 og har halde fram årleg. Møtestart kl. 12:00. Talar: Per Sverre Bårdsen. Ettermiddagssamling 14:00. Skogsveg frå Eikås eller Vikebygd (1 t). Ta med deg niste og bli med til fjells.

## Pensjonistmøte i Vats

25. sept. blir første møte til hausten.

## Utbjoa bedehus

Basar for NMS 16.juni kl. 16:00. Velkommen!

## "60+ treff" i Skjold kyrkje hausten -18:

Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønsker velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen:  
Torsdag den 27.sept: Jon Ådnøy blir med oss.  
Torsdag den 25.okt: Sjå plakatar  
Torsdag den 29.nov: Sjå plakatar  
Her blir prat med kaffi og litt attåt. Sjå plakatar.

## Misjonsbasar i Iisvåg

Iisvåg Bygdahus 28/7 misjonsbasar.

## Biskopen

Ivar Braut si sjukemelding vart forlenga fram til 17. juni. Anne Lise Ådnøy fungerer som biskop.

**INDREMISJONSSAMSKIPNADEN**  
**Sommarens Storsamling - Årsmøte** 

Tema: **Saman** **Ølen Idrettshall**  
**Ølen**

**08.-10. juni 2018**

Andreas Evensen, Voice og Joy,  
Tore Thomassen, Husorkester

<b>Fredag</b>	1930 Konsert med <b>VOICE OF JOY.</b>
<b>Laurdag</b>	1000 Bibeltyme 1700 Konsert Tore Thomassen 1930 Stormøte
<b>Søndag</b>	1030 Gudsteneste/Festmøte 1300 Storsamling

Årsmøtesaker - Barnesamlinger - Ungdomssamlinger - Fellesskap - Kiosk

**www.indremisjonen.no**



Andreas Evensen



Tore Thomassen

# Sommarens storsamling i Ølen

Av Marit H. Ådnanes, d.l. IMS

Konsertar, barnas sommarfest, storsamlingar, utsendingsmøte, mat og fellesskap står på programmet når Indremisjonssamskipnaden (IMS) arrangerer årsmøtehelg, også kalla Sommarens Storsamling. Det blir i Ølen 8.-10. juni, sju år sidan arrangementet sist gjekk av stabelen i Ølen.



Tore Thomassen

Andreas Evensen, leiar i ImF-ung, er hovudtalar. Temaet er «Saman». Eige husorkester bidreg heile helga. Søndag har kyrkja lagt gudstenesta saman med arrangementet til IMS i idrettshallen. Opplegg for heile familién. Fredag kveld konsert med Voice of Joy og laurdag med Tore Thomassen og barnekor (sjå s.11).

## Lokal formannskandidat

Liv Ingunn Heie Medhaug (Ølensvåg) er ein av formannskandidatane til styret for IMS. Utanom ordinære årsmøtesaker, blir det fokus på omstrukturering IMS, Helgatun hytteutvikling og «Gi det vidare» - der me snakkar om fleirgenerasjonsforsamlinga og korleis utrusta til teneste. Det vert også glimt frå arbeidet i bygdene.



'Kids of Joy' deltok.

# Påskevandring på Kårhus bedehus

Av Lill-Inger Velde

Søndagsskulen i Vats har i fleire år invitert til påskevandring på Kårhus bedehus. Då har dei sett opp ei kjempefin utstilling med gamle plansjar med biletar frå påskehistoria og andre detaljar som viser hele historia frå palmesøndag til påskedag.

Vi syng påskesongar ilag, og får

høyra påskehistoria. Denne gongen var det Turid Dahl Stokland som kom og talte. Barnekoret Kids of Joy var også der og song og vi avslutta med å eta kveldsmat saman.

Ein veldig koseleg ettermiddag for både store og små. Eldsjelene som er så flinke å laga i stand denne fine tradisjonen, er Synnøve Stødle, Astrid Velde og Grete Halvorsen.



Felles kveldsmat etter påskevandringa.

**Andaktstelefonen**  
**380 91 700**

Åpent hele døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten  
er gratis

**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)

**SOS-melding:** [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 6. september  
Frist for levering av stoff er  
11. august